

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 16. MARS 2010

LYDVERKET

VOKALAR

Fordelinga av vokalane y/ø

Bakgrunnsstoff:

Nynorskrettskrivinga s. 34–37, 170 (2002-forslaga)

Nynorskrettskrivinga s. 202–203 (mindretalsforslaget 2002)

Nynorskrettskrivinga s. 245 (2000-forslaga)

Det gjeld desse orda:

byrd(e)/bør	lyfte [løfte]	syster [søster]
bytte [bøtte]	lygn/løgn	sølje [sylgje]
bølgje [bylgje]	lykkje/løkke (jordstykke)	sølv [sylv]
drynje [drønne]	mylnar/møllar	sørgje [syrgje]
dynje [dønne]	mylne/mølle	tynne/tønne [tunne] f.
fyrst/først	nykel/nøkkel	tyrst/tørst
følgje [fylgje]	nykk [nøkk]	tytte/tøtte
gløtt(e) [glytt(e)]	nyste [nøste]	vørde [vyrde]
grøppe [grypje]	stynje [stønne]	yksen/øksen
grøsse [grysje]	[stytte] støtte	ynske/ønske
hyrne/hjørne	støl/stør [styrd]	ynskje/ønskje
kløppar [klyppar]	sysken [søsken]	

Kort oppsummering:

- Problemstillinga gjeld vokalen som var kort -y- i norrøn tid, og som Aasen skreiv y.
- Frå 1917 og 1938: Vokalen vart skriven -ø- i utlyd (stø) og framfor kort konsonant (føl).
- Frå 1959: Mest -ø-, men nokre former med -y- vart hovudformer, med -ø- som klammeform.
- Orda med stutt -y- i norrønt har fått svært skiftande utvikling i dialektane.
- Formene med -ø- er dominerande i skrift, både når dei er hovudformer, når formene er jamstelte, og når ø-formene er klammeformer. I somme ord står -y- likevel sterkt.
- 2002-nemnda meinte det var naturleg å sjå desse orda som ei samla gruppe, sjølv om dei ikkje er i slekt. Denne nemnda må vurdere det spørsmålet.

Forslag i 2000:

støl/stør adj. (før: støl/stør [styrd])

Forslag i 2002:

Det var semje om forslaget frå 2000.

Vidare: "Både talemåls- og skriftmålstradisjonen talar for at ei gruppe ord får valfri skrivemåte med y og ø i stammen. At nokre av dei aktuelle orda er tydelege identitetsmarkørar, talar også for det."

Søk i Det nynorske tekstkorpuset

Det nynorske tekstkorpuset er ei av kjeldene til Norsk Ordbok. Korpuset er under utbygging, og hadde om lag 37,7 millionar ord pr. februar 2009. Tekstane er henta dels frå dei nynorske klassikarane, men det er mest stoff frå yngre nynorske tekstprodusentar. Korpuset har avisspråk, skjønnlitterært språk, tekstar for born og fagspråk. I samband med arbeidet vårt blir korpuset utvida med avistekstar og tekstar frå det offentlege. Derfor får me eit større søkjemateriale seinare i prosessen.

Når ein søker i tekstkorpuset, kan ein søkja på ulike ordformer, og ein får dei opp i samanhengen dei står i, slik at ein kan vurdera om det faktisk er det ordet ein er ute etter. Når ein til dømes søker på substantivet *nykk* (+ trunkeringsteikn, dvs. at det er ope for kva som kjem etter), får ein òg med *nykk* (rykk) og *nykke* (innfall). Derfor må ein vurdera treffa kritisk.

Ein kan søkja etter ord som har vekslande vokal, dvs. ein kan søkja etter *følg-* og *fylg-* samtidig. Når ein søker for å få ordet i samanhengen, får ein ikkje opp noko samla tal på ord. Ein dannar seg likevel eit inntrykk av kor mange ord som har *-y-*, og kor mange som har *-ø-*, ved å rulla nedover lista. Orda er nemleg grupperte kvar for seg.

Sidan det er svært mykje variasjon i dialektane når det gjeld orda med *-y-* og *-ø-*, er det vanskeleg å finna støtte der for eit system som alle greitt kan retta seg etter. Ser me på skriftradisjonen, får me eit anna bilete. Det er viktig å hugsa på at orda som har vore hovudformer dei siste femti åra, har hatt ein "fordel" framfor klammeformene. Men dei som har skrive tekstane i korpuset, slik det ligg i dag, har stort sett ikkje måtta retta seg etter læreboknormalen.

Oppslagsord	Merknad
byrd(e)/bør	Bør først opp som separate oppslagsord. Dei blir ikkje brukte heilt synonymt; <i>bør</i> ser ut til å bli oppfatta som meir konkret, mens ein heller bruker <i>byrd(e)</i> i uttrykk som "vere til byrde for nokon".
bytte [bøtte]	Her er det ein god del treff på <i>båe</i> , men flest på <i>bøtte</i> .
bølgje [bylgje]	Svært mange fleire treff på <i>bølg-</i> enn på <i>bylg-</i> . Vesaas står for mange av treffa på <i>bylg-</i> . Ein del treff på <i>bølgje</i> , sjølv om <i>-j-</i> en er obligatorisk.
drynje [drønne]	<i>Drynje</i> er j-verb, <i>drønne</i> er e-verb.
dynje [dønne]	<i>Dynje</i> er j-verb, <i>dønne</i> er e-verb.
fyrst/først	Mest treff på <i>først-</i> , men også mange på <i>fyrst-</i>
følgje [fylgje]	<i>Følg-</i> er klart meir brukt enn <i>fylg-</i> , men det er mange treff også på <i>fylg-</i>
gløtt(e) [glytt(e)]	Dei fleste treff på <i>glytt</i> er eldre enn 1960 (bortsett frå i særnamn); mange er frå Vesaas.
grøppe [grypje]	<i>Grøppe</i> er e-verb, <i>grypje</i> j-verb. Ingen treff; lite frekvent ord.
grøsse [grysje]	<i>Grøsse</i> er a- el. e-verb, <i>grysje</i> er j-verb. Ingen treff på <i>grys-</i> ; ein del tilfelle av pret. <i>gruste</i> hjå Heggland og Vesaas.
hyrne/hjørne	<i>Hjørn-</i> er klart dominerande; få treff på <i>hyrn-</i> frå tida etter 1970
kløppar [klyppar]	24 treff på <i>kløppar</i> , 3 på <i>klyppar</i> frå 1976 el. tidlegare.
lyfte [løfte]	Det er noko fleire treff på verbet <i>løfte</i> enn på <i>lyfte</i> , sjølv om <i>lyfte</i> er hovudform.
lygn/løgn	<i>Løgn</i> er brukt svært mykje meir enn <i>lygn</i> , men <i>lygn</i> er ikkje "forelda",

	dvs. det er brukt også på 2000-talet, m.a. i Dag og Tid.
lykkje/løkke (på eng)	<i>Løkke</i> ser ut til å vera det absolutt dominerande ordet i 'tydinga jordstykke', medan <i>lykkje</i> er mest brukt om 'hempe'. Kan <i>lykkje</i> gå ut i tydinga 'jordstykke'?
mylnar/møllar	7 treff på <i>myln-</i> , svært mange på <i>møll-</i> .
mylne/mølle	Jf. <i>mylnar</i>
nykel/nøkkel	Både <i>nykel</i> og <i>nøkkel</i> har god utbreiing; <i>nøkkel</i> truleg noko større.
nykk [nøkk]	Lite frekvent ord; 2-3 treff på kvar av dei. Det at ordet er sjeldsynt, talar for at ein ikkje treng ha to former av det.
nyste [nøste]	Lite frekvent ord, men nokre fleire treff på subst. <i>nyste</i> enn på <i>nøste</i> : 23 mot 11. Som verb er <i>nøste</i> derimot mest brukt, 13 mot 3.
stynje [stønne]	Mange fleire treff på <i>støn-</i> enn på <i>styn-</i> , som berre har tre treff (eitt med feil bøyning). Heller ikkje pret. <i>stunde</i> finst i materialet. <i>Stønne</i> er i dag e-verb, men det er mange treff på verbet bøygd som a-verb.
[stytte] støtte	<i>Stytte</i> er nesten ikkje brukt i materialet, anten som verb eller substantiv.
støl/stør [styrd]	Det var føreslått i 2000 at forma <i>styrd</i> skulle gå ut. Det er ingen treff på det i materialet, og heller ikkje på <i>stør</i> . Spørsmålet er om <i>støl</i> og <i>stør</i> bør førast opp som to forskjellige oppslagsord; folk flest ser neppe på dei som same ord, sjølv om dei tyder det same.
sysken [søsken]	<i>Sysken</i> er brukt noko meir enn <i>søsken</i> , men det er mange treff på baa former.
syster [søster]	<i>Syster</i> er brukt litt meir enn <i>søster</i> , men fordelinga er tilnærma lik.
sølje [sylgje]	Ordet er ikkje frekvent, og svært mange av treffa på <i>sølje</i> er frå Ågot Noss' bunadbøker. Det er likevel meir brukt enn <i>sylgje</i> , som får berre 7 treff.
sølv [sylv]	<i>Sølv</i> er brukt mykje meir enn <i>sylv</i> , men <i>sylv</i> er brukt også i nyare tid.
sørgje [syrgje]	<i>Sørg-</i> er brukt svært mykje meir enn <i>syrg-</i> , både som verb og adjektiv.
tynne/tønne [tunne] f.	<i>Tynne-/tynna</i> får berre 9 + 14 treff, mens det er svært mange treff på <i>tønne/tønna</i> , særleg i ubunden form.
tyrst/tørst	<i>Tørst</i> er mykje meir brukt enn <i>tyrst</i> .
tytte/tøtte	<i>Tytte/tytta</i> er mest brukt i materialet, 18 treff, mot 5 treff på <i>tøtte/tøtta</i> . Dei fleste treffa på <i>tytte/tytta</i> er frå Heggland. I den grad eg har sett ordet i bruk, har eg berre festa meg ved <i>tøtte/tøtta</i> .
vørde [vyrde]	Verbet <i>vørde</i> er brukt klart meir enn <i>vyrde</i> , men substantiva og adjektiva som begynner på <i>vyrd-</i> , er brukte om lag like mykje.
yksen/øksen	Ordet finst ikkje i materialet.
ynske/ønske	<i>Ønsk-</i> er brukt mykje meir enn <i>ynsk-</i> . Det er elles mange tilfelle av at substantivet er skriva med -j-: <i>ynskje/ønskje</i> .
ynskje/ønskje	Formene med <i>ønskj-</i> er klart meir brukte enn <i>ynskj-</i> , men skilnaden er ikkje så stor som ved substantiv.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
byrd(e) og bør (skal førast opp som separate oppslagsord)	
bytte el. bømte	
bølgje (v. og s.)	bylgje
drønne	drynje
dønne	dynje
fyrst el. først	

følgje el. følgje	
gløtt(e)	glytt
grøppe	grypje
grøsse	grysje
hjørne	hyrne
kløppar	klyppar
lyfte el. løfte	
lygn el. løgn	
løkke (om jordstykke)	lykkje (i tydinga jordstykke)
møllar	mylnar
mølle	mylne
nykel el. nøkkel	
nøkk	nykk
nyste el. nøste	
stønne	stynje
støtte	stytte
støl og stør (skal førast opp som separate oppslagsord)	styrd
sysken el. søsken	
syster el. søster	
sølje	sylgje
sylv el. sølv	
sørgje	syrgje
tønne	tynne og tunne
tyrst el. tørst	
tøtte	tytte
vyrde el. vørde	
øksen	yksen
ynske el. ønske	
ynskje el. ønskje	